



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Finansutvalet	

Viktige føresetnader som skal leggest til grunn for Økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forutsetningane som går fram av saka vert lagt til grunn i vidare arbeid med økonomiplan 2027-30.

Bakgrunn for saka:

I samsvar med KOST -093/26 legg kommunedirektøren fram viktige føresetnader som skal leggest til grunn for Økonomiplan og handlingsprogram 2027-2030.

KOST- 093/26 Vedtak:

1. Førebels økonomiplanprognose vert lagt til grunn i arbeidet med utarbeiding ny økonomiplan for 2027-2030.
2. Kommunedirektøren skal skissere mogeleg tiltak for å kunne oppnå forbetringar av driftsresultat i perioden som ledd i arbeidet med å utarbeide ny økonomiplan.
3. Kommunedirektøren skal utarbeide økonomiplanprognose for 2031-34 og investeringsrammer som omsyn tek plan for reduksjon av lånegjelda.
4. Finansutvalet vert orientert og deltek i arbeidet med utforming ny økonomiplan.

I samband med handsaming av revisjon av økonomiplan vart det lagt til grunn ei nedjustering av inntekter frå havbruksfondet og vi omsyn tok ei moderat høgare rente. Eigedomsskatten skulle ikkje endrast. Vi har no laga rammer som er detaljert i høve vedtak (vedlagt fordeling av nye omstillingar + tidlegare vedtak). Arbeidet med endringar krav då meir omfattande omstillingstiltak av drifta og redusert ressursfordeling til tenesteproduksjonen. Frå 2025 til 2030 skal vi redusere kostnadene med 200 mill. kr (vedlagt omstillingsrapport fordelt på tenesteområda).

I 2025 var det gjort viktige grep med endring av skulestruktur, stillingsnedtrekk og reduksjon i andre postar som fekk ned kostnadene. Vi har såleis gjort viktige grep som har hatt effekt og vi er kommen langt. Vi har fram til no ikkje fått ei vesentleg endra kvalitet som følgje av omstillingsprogrammet.

I økonomiplan mot 2030 må vi likevel også fase inn vesentleg endringar i måte vi yter tenester på. Slik den demografiske utviklinga ser ut kan vi mot 2030 også måtte vurdere å endre strukturar innan skule og omsorg. Før vi kan seie noko meir om strukturendringar må vi sjå effektar av pågåande arbeid med økonomiske tilpassingar sett opp mot kvalitet og nivå på tenester. På fleire områder må vi truleg også inngå samarbeid med andre kommunar om oppgåveløysing. Dette gjeld særleg administrative tenester, brann- og redning m.v. Det vil ikkje være mogeleg å endra ressurstildeling til at vi kan få ei oppgradering og tilfredsstillande vedlikehald av vegar og bygg. Dette må

vente til godt ut på 2030 talet om vi då har klart å gjennomføre omfattande reduksjonar i lånegjelda.

Innsparingstiltak i økonomiplan 2026-2030	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Sum innsparingstiltak tenesteområda 2025-2029	-60 327	-26 334	-57 024	-75 680	-94 635	-116 135
Sum akkumulert tiltak tenesteområda 2025-2030		-86 661	-143 685	-162 341	-181 296	-202 796

Ei stegvis tilnærming til endra ressursnivå for tenester er nødvendig for å kunne evaluere og justere etter kvart som vi endrar ressursane til tenestene. Vi ser at andre kommunar har lågare kostnadsnivå enn oss og vi må halde fram med å sjå til korleis andre handterer si drift. I årsrapporten for 2025 gjorde vi omfattande vurdering av kostnadsutviklinga, kvalitet og innbyggjartilbakemeldingar utan eksterne konsulentar. Fokus på endringar har hatt effekt. Slike evalueringar må vi halde fram med.

Det må likevel understrekast at det ligg stor grad av risiko knytt til framskrivingane. Vi har universelle tenester med omfattande rettar til innbyggjarane. Om vi skulle teke omsyn til korleis vi leverer tenester i dag ville vi ikkje kunne gjennomført investeringar og heller ikkje kunne levere økonomiplan i balanse slik kommunelova krev. Derfor må vi kontinuerleg vurdere og sett i verk endrings- og omstillingstiltak. Tiltaka betyr at vi ikkje kan tildele like store ressursar som den demografiske utviklinga tilseier til helse og velferd, og vi må redusere ressursar vi nyttar i skulen. Høge investeringar på kort tid pressar også fram ei endra disponering av driftsmidlar frå løn til renter- og avdrag. Samstundes må vi forvente at investeringar i Florø Barneskule, Skram Skule, Brannstasjonar og Albertatunet også bidreg til ressurseffektive tenester, attraktive arbeidsplassar og bety noko for innbyggjarane. Som økonomirapportane viser har vi fleire tenester og aktivitetsområde vi har utfordringar med å komme i balanse.

Etter sterk innflytting frå utlandet må vi vente ei utflating av denne veksten. At vi no får ei korrigerings naturleg, noko også kvartalstala for folketalsutvikling viser.

Sysselsettingsutvikling i kommune er svak. Næringsutvikling er ein av dei viktigaste drivarane i folketalsutviklinga. Samfunnsdelen av kommuneplanen peikar på ei retning for å kunne motverke eller verke dempende på trendane som er synleggjort i saka.

Pågåande arbeid med «bustad i sentrum» og «samskaping» skal gjere det mogeleg for eldre å bu trygt heime så lenge som mogeleg og vi må arbeide å skape møteplassar i sentrum. Samskaping skal skape aktivitet for all. Kommuneplanen sin arealdel legg godt grunnlag og gjev framtidssretta areal for næringslivet, men vi må også samarbeide om arbeidskraftutfordringa for næringslivet på ein meir målretta måte enn vi gjer i dag. Arbeid for attraktivitet skal også ha fokus og blir jamleg rapport på.

Saksopplysningar:

Finansielle måltal

Langsiktige krav til dei finansielle måltala er sett til




- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 2%
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: 170%
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 8%
- Netto rente- og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter: 11,5%

Status for HØP 2027-2030

Langsiktige krav til finansielle måltal bør leggjast til grunn for arbeidet med økonomiplan 2027-2030. Kommunedirektøren tilrår at vi gradvis nærmar oss dei finansielle måltala i løpet av økonomiplanperioden.

Måltallet på 170% for netto lånegjeld i prosent av bruttodriftsinntekter bør justerast ned. Det bør leggst til grunn ein investeringsplan i frå 2030 og utover som reduserer lånegjelda.


Under er det henta ut frå KS modell for tilråding på nivået for finansielle nøkkeltal til kommuneekassa. For Kinn kommune er tilrådinga netto driftsresultat 2,1% på kort sikt, netto lånegjeld 85% og disposisjonsfond 8,3%.



Folketalsutvikling, grunnlag for berekning av inntekter og utgifter

Figuren og tabellen viser at førebels økonomiplan 2027-2030 byggjer på folketalsprognosar som ligg om lag lik SSB sin middels vekst. Lenger utover i tid er våre prognosar meir optimistiske.

tek høgde for driftsutgifter knytt til folketalsprognosane framover.



Figur 1. Framskriving folketal - Kompas modellen

	01.jan	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2026
0 år		169	158	157	157	157	157	158	159	159	160	161
1-5 år		805	819	809	826	825	828	820	821	823	826	829
6-12 år		1 333	1 309	1 305	1 257	1 235	1 218	1 230	1 240	1 245	1 238	1 254
13-15 år		731	680	617	610	615	620	592	564	547	557	550
16-18 år		747	755	744	732	686	630	625	631	634	608	583
19-22 år		898	885	914	901	911	926	891	865	827	804	798
23-24 år		388	387	384	382	382	379	399	395	387	400	385
25-29 år		954	937	917	898	888	887	885	888	900	899	902
30-49 år		4 219	4 171	4 164	4 158	4 141	4 110	4 088	4 062	4 034	3 997	3 997
50-66 år		3 891	3 870	3 827	3 798	3 761	3 738	3 699	3 680	3 687	3 686	3 659
67-79 år		2 347	2 395	2 407	2 427	2 469	2 501	2 554	2 557	2 554	2 557	2 550
80-89 år		698	740	798	839	866	912	942	994	1 028	1 070	1 116
90 år og eldre		176	160	151	149	151	147	148	156	171	181	189
Totalt		17 356	17 268	17 194	17 133	17 087	17 053	17 030	17 011	16 995	16 982	16 973

Figur 2. Framskriving folketal - Kompas modellen

Befolkningsfremskriving per 1.1 - standard er SSB - MMMM alternativet og bruk av TBU metode

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
0 år	169	156	154	154	154	156	156	157	158	158	159
1-5 år	805	817	802	819	818	821	815	818	820	826	828
6-12 år	1 333	1 314	1 311	1 261	1 231	1 205	1 212	1 214	1 213	1 204	1 220
13-15 år	731	684	622	616	623	629	597	567	545	553	538
16-18 år	747	748	736	724	679	624	619	625	627	599	570
19-22 år	898	884	904	882	886	897	862	837	800	774	768
23-24 år	388	386	386	383	381	374	390	385	376	387	371
25-29 år	954	945	931	913	901	895	889	886	893	889	889
30-49 år	4 219	4 155	4 136	4 127	4 110	4 090	4 077	4 051	4 028	3 993	4 001
50-66 år	3 891	3 879	3 841	3 811	3 776	3 749	3 704	3 684	3 686	3 684	3 655
67-79 år	2 347	2 399	2 416	2 443	2 493	2 531	2 592	2 599	2 604	2 610	2 607
80-89 år	698	741	803	848	878	926	957	1 015	1 051	1 097	1 145
90 år og eldre	176	160	151	150	153	149	150	159	176	185	193
Sum innbyggere	17 356	17 268	17 193	17 131	17 083	17 046	17 020	16 997	16 977	16 959	16 944

Figur 3. Framskriving folketal – SSB-middel + TBU metode

Det ligg ein risiko i prognosar i seg sjølv, spesielt langt ute i ein prognoseperiode, i tillegg til auka risiko i høve mottak av flyktningar og integrering av dei. Det er difor viktig å årleg utarbeide prognosar slik at vi kan legge desse til grunn både for kortidsplanlegging og eventuelt justere kursen på langtidsplanlegginga og tilpassing av tenestetilbodet.

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
0 år	0	2	3	3	3	1	2	2	1	2	2
1-5 år	0	2	7	7	7	7	5	3	3	0	1
6-12 år	0	-5	-6	-4	4	13	18	26	32	34	34
13-15 år	0	-4	-5	-6	-8	-9	-5	-3	2	4	12
16-18 år	0	7	8	8	7	6	6	6	7	9	13
19-22 år	0	1	10	19	25	29	29	28	27	30	30
23-24 år	0	1	-2	-1	1	5	9	10	11	13	14
25-29 år	0	-8	-14	-15	-13	-8	-4	2	7	10	13
30-49 år	0	16	28	31	31	20	11	11	6	4	-4
50-66 år	0	-9	-14	-13	-15	-11	-5	-4	1	2	4
67-79 år	0	-4	-9	-16	-24	-30	-38	-42	-50	-53	-57
80-89 år	0	-1	-5	-9	-12	-14	-15	-21	-23	-27	-29
90 år og eldre	0	0	0	-1	-2	-2	-2	-3	-5	-4	-4
Sum innbyggere	0	0	1	2	4	7	10	14	18	23	29

Figur 4. Skilnaden mellom Kompas-modellen og SSB-middel + TBU metode

Dersom vi ser utover økonomiplanperioden er Kompas-prognosen meir optimistisk for born i grunnskulealder, samt færre i aldersgruppene 67-79 år og 80-89 år.

I 2026 er det fram til 1. juli ein nedgang i folketalet på 68 personar. Dersom denne trenden fortset er både vår prognose og SSB middel + TBU metode for optimistisk.

	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026K1-K2
Fødde	142	159	134	154	148	166	77
Døde	136	176	161	148	193	157	79
Fødselsoverskot	6	-17	-27	6	-45	9	-2
Innvandring	96	189	382	377	387	267	74
Utvandring	43	78	57	55	67	108	57
Innflytting, innlandsk	407	464	422	528	546	445	178
Utflytting, innlandsk	514	586	670	684	754	680	261
Nettoinnflytting, inkl. inn- og utvandring	-54	-11	77	166	112	-76	-66
Folkevekst	-47	-29	48	170	70	-63	-68
Folketal	17160	17131	17179	17349	17419	17356	17288
Netto innlandsk flytting	-107	-122	-248	-156	-208	-235	-83

Figur 5. Faktisk folketalsutvikling fram til 01.07.2026.

Omstilling – kostragruppe 7

Vi blir over dei neste åra færre unge og samtidig fleire eldre. Det betyr at vi får mindre inntekter over statsbudsjettet til å drifte skular, barnevern og helsestasjon, men samtidig meir inntekter til å drifte tenester innan helse og pleie og omsorg. Denne demografiutfordringa krev omstilling av kommunen si drift over dei neste åra. Organisasjonen har eit aktivt grep om omstillingsarbeidet, med gode resultat av arbeidet med endringar og tilpassing over fleire år.

Omstillingsprogrammet er under endring med justerte krav til økonomiske rammevilkår, og ein pågåande prosess i alle tenesteområde for å finne og konsekvensutgreie ytterlegare tiltak. Dei tillitsvalde er aktive deltakarar i omstillingsprosessen. Det er eit mål å kome ned på forbruksnivået til gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 7 samstundes som kvalitetsutvikling har fokus. Samla sett er arbeidet retta mot å styrke kvaliteten i tenestene gjennom betre ressursutnytting, systematisk utviklingsarbeid og større evne til omstilling i organisasjonen.

I vedlagt oversikt «Saldering økonomiplan» er dei økonomiske krava til endring i sektorane spesifisert. Ein del konkrete tiltak er lagt inn i oversikta, men det er framleis mykje som må konkretiserast gjennom dei pågåande prosessane.


Samarbeid med tillitsvalde

Omstillingsarbeidet går no inn i ei krevjande fase. Saka har vore drøfte med arbeidstakarorganisasjonane (ATO). ATO er oppteken av å delta i å finne løysingar innanfor hovudavtalen og innanfor gjeldande formelle føringar for tenesteproduksjon.

Arbeidstakarorganisasjonane har i tidlegare fråsegner frårådd «ostehøvel» som verkemiddel for å løyse økonomiske utfordringar. Dei har prioritert konkrete tiltak og strukturtiltak. Tillitsvalde melder tilbake til administrasjonen om slitasje og frustrasjon kring arbeidspress, manglar i vedlikehald og ressursar i tenestene.

I møte med arbeidstakarorganisasjonane har dei også vore oppteken av det må være realisme i omstillingsprogrammet og høve til justering undervegs. Kommunedirektøren har jamleg gjennomgang med arbeidstakarorganisasjonen for å kunne vurdere talgrunnlag, tiltak og konsekvensar. Vi må også konstatere at omstilling er krevjande for tilsette så vel som for innbyggjarane.

Statstilskot flyktningar – dekningsbidrag til Kinn kommune og overføring til tenestene dei komande 4 åra



Samla sett peikar prognosane mot eit betydeleg fall i statlege tilskot frå flyktningfeltet gjennom økonomiplanperioden. Hovudårsaka er at dei store busettingskulla frå 2022 gradvis fell ut av integreringstilskotsordninga.

Prognosane må sjåast som forsiktige anslag baserte på dagens kunnskapsgrunnlag. Flyktningfeltet er kjenneteikna av stor usikkerheit, og både internasjonale hendingar og nasjonale vedtak kan raskt endre føresetnadene. Erfaring viser at prognosar for dei siste åra i økonomiplanperioden er særleg usikre.

Samstundes vurderer vi det framleis som fornuftig å leggje til grunn eit gradvis inntektsbortfall av denne storleiksordenen i økonomiplanarbeidet. Det er ikkje grunnlag for å forvente generelle dekningsbidrag ut over det som ligg inne i gjeldande økonomiplan.

KURS KF vil føreslå å legge til grunn konservative inntektsanslag i økonomiplanen, og heller justere budsjettet undervegs i året dersom busettinga eller tilskotsinntektene vert høgare enn føresett. Sjølv om inntektene frå integreringstilskotet er venta å gå betydeleg ned, vil ikkje nødvendigvis utgiftene til kommunale tenester gå ned i same takt.

Regjeringa har varsla innføring av ei ny integreringsstønad frå 1. januar 2028. Stønaden er foreslått å erstatte dagens introduksjonsstønad, sosialhjelp og bustøtte for nyankomne flyktningar. Dei økonomiske og administrative konsekvensane for kommunen er førebels ikkje avklarte. KS og staten har som følgje av konsultasjonsrundane satt i gang ein prosess med å kartlegge meir grundig dei økonomiske og administrative konsekvensane. Det er heller ikkje avklart kva som vil skje med ordninga med midlertidig kollektiv beskyttelse som også kan få konsekvensar for tilskota og folketalsutviklinga i Kinn.

Samla representerer derfor dette vesentlege usikkerheitsfaktorar i siste del av økonomiplanperioden. Inntil endeleg regelverk og finansieringsordning er vedtekne, er det ikkje mogleg å talfeste konsekvensane.

Frie inntekter

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue – førebels prognose

Vi tar utgangspunkt i den sist oppdaterte prognosemodellen frå KS datert juni 2026. Modellen er oppdatert etter Stortinget sitt vedtak om Revidert Nasjonalbudsjett 2026 og

Kommuneproposisjonen 2027.

Anslag deflator (pris- og lønsvekst) 3,1 % for 2027 (KS)

Realvekst år 2-4: 3,0 mrd. årlig.

	2026	2027	2028	2029	2030
Rammetilskudd (fast del)	741 889	758 057	754 330	751 364	756 183
Inntektsutjevning	15 831	16 433	16 440	16 436	16 517
Skatt	742 480	762 410	764 230	766 600	769 600
Sum rammetilskudd og skatt	1 500 200	1 536 900	1 535 000	1 534 400	1 542 300
% - endring	4,9 %	2,4 %	-0,1 %	0,0 %	0,5 %

Eigedomsskatt

Basert på dagens promillesatsar legg vi førebels til grunn ei inntekt på 87,37 millionar kroner i eigedomsskatt i 2027. Med same promillesatsar er det forutsett ei inntekt på 87,7 millionar kroner innan 2030.

Dersom ein legg til grunn maksimale promillesatsar i neste økonomiplanperiode, vil inntekta kunne aukast til 105,4 millionar kroner i 2027, og vidare opp til 113,6 millionar kroner i 2028. Det ville gitt ei auka inntekt på vel 18 millionar kroner i 2027, akkumulert opp til om lag 26 millionar kroner frå og med 2028.

Eigedomsskatteinntekt 2025 - 2030							
Art	Promille	2025 R	2026 B	2027 B	2028 B	2029 B	2030 B
871 Vannkraftanlegg	5,0	1 873	1 970	1 970	1 970	1 970	1 970
872 Vindkraftverk	5,0	5 097	5 100	5 100	5 100	5 100	5 100
876 Næring	5,0	30 811	33 250	33 350	33 450	33 550	33 650
878 Bustader	3,3	42 424	42 700	42 700	42 700	42 700	42 700
879 Fritidsbustader	3,3	3 979	4 250	4 250	4 250	4 250	4 250
Sum		84 184	87 270	87 370	87 470	87 570	87 670

Eigedomsskatteinntekt 2027 - 2030 med maks promillesats							
Art	Promille 2027	Promille 2028	2027 B	2028 B	2029 B	2030 B	
871 Vannkraftanlegg	6,0	7,0	2 360	2 760	2 760	2 760	
872 Vindkraftverk	6,0	7,0	6 120	7 140	7 140	7 140	
876 Næring	6,0	7,0	40 020	46 830	46 970	47 110	
878 Bustader	4,0	4,0	51 760	51 760	51 760	51 760	
879 Fritidsbustader	4,0	4,0	5 150	5 150	5 150	5 150	
Sum			105 410	113 640	113 780	113 920	

Konsesjonskraftinntekter

I første tertialrapport i år går det fram:

Ut frå realisert inntekt per april, og signal om forventning kraftpris framover, vil det bli ei meirinntekt netto konsesjonskraft. Budsjettert netto inntekt ligg på 10,403 millionar kroner, og ut frå forventning om meirinntekt blir budsjettert inntekt konsesjonskraft oppjustert til 18,0 millionar kroner i tertialrapport ein. I tertialrapporten er budsjettpost for straumkostnad samstundes oppjustert med 4,0 mill kroner.

Ut frå forventninga i marknaden er det ikkje grunnlag for å vente like høge inntekter i økonomiplanperioden. Vi ligg eit godt stykke unna målet om å oppnå eit disposisjonsfond på 8%. Dersom konsesjonskraftinntekta blir høgare eit år, bør ekstraintekta settast av til bufferfondet.

Havbruksfondet

Situasjonen rundt årets auksjoner er uavklart. Regjeringa mottok rapporten frå styringsgruppa for vurdering av lakseluspåvirking i desember i fjor. Forskarane vurderer at det i 2025 er høg risiko for lusepåvirking i eit område (PO3), moderat risiko i ni områder, og lav risiko i kun tre områder (PO1, PO12 og PO13). Endeleg «fargelegging» av kysten er ei politisk avgjerd.

Fargelegginga i Trafikklyssystemet i 2026 vart publisert i siste halvdel av juni 2026, og representerer eit vesentleg skift i retning av færre grønne områder enn tidlegare fargeleggingar. I tillegg er to av produksjonsområda som vart grønne (PO 1 og PO 13), dei to minste PO'ane langs kysten med omsyn til tilgjengeleg kapasitet, så effekten av tilbudsvekst er liten.

Konsekvensen er at MTB-volumet tilgjengeleg for sal er omtrent halvert frå forutgåande runde, og over 60% lågare enn det som har vore gjennomsnittleg volum tilbuds for sal gjennom dei tre forutgåande rundane (2020, 2022 og 2024). Volum estimert solgt knytt til unntaksvekst er også 30% lavere enn i forrige runde. Med signala frå både regjering og Storting i oppfølginga av Havbruksmeldinga, er det usikkert om Maksimalt Tillatt Biomasse (MTB) framleis vil vere ein del av reguleringsgrunnlaget i 2028 og 2030. Signala er i tillegg såpass eintydige på at redusert lusepåvirking er så høgt prioritert, at fargelegging av områda i trafikklysordninga representerer eit skifte, der terskelen for å oppnå grønt lys vil vere høge også i 2028.

Det er framleis usikkert kva Kinn kommune vil få av inntekter frå havbruksfondet i 2026. I tertialrapport ein 2026 vart budsjettert tilskot frå havbruksfondet redusert frå 68,317 mill kroner i budsjett 2026 til 34,517 mill kroner i tertialrapport ein.

I økonomiplanen 2027-2030 vert det i 2027, som ikkje er eit auksjonsår, budsjettert med 24,5 mill kroner. Vi ligg eit godt stykke unna målet om å oppnå eit disposisjonsfond på 8%. Dersom inntekta frå Havbruksfondet vert høgare eit år, bør ekstraintekta settast av til bufferfondet.

Tilskot frå landbasert vindkraft

Inntektene frå produksjonsavgifta fordelast prosentvis mellom kommunane, ut frå deira del av samla norsk vindkraftproduksjon. I tilfeller kor vindkraftverk krysser kommunegrenser blir fordelinga gjort basert på kor turbinen står.

I saldert statsbudsjett 2026 vart det under kap. 1820 NVE, post 62 «Fordeling av inntekt frå avgift på vindkraft» bevilga 360,0 mill. kroner. Beløpet var basert på forventa/normal årsproduksjon. I RNB vart beløpet redusert til 331,8 mill kroner.

Anslag for Kinn 2026: 8,2 mill kroner

	2025 R	2026 B	2027 B	2028 B	2029 B	2030 B
Produksjonsavgift	8,2	8,2	8,2	8,2	8,2	8,2

Investeringsplan

Lånegjelda til Kinn er høg og ein har høg terskel for å føreslå nye prosjekt utover det som er vedteke. I investeringsplanen for perioden 2027–2030 er det lagt til grunn nokre prinsipp for kva for prosjekt det er gjort framlegg om å vidareføre. Følgjande prinsipp er lagt til grunn:

- Prosjekt der det ligg føre pålegg frå arbeidstilsynet.
- Prosjekt som gjev innsparingar på den kommunale drifta, eller som er heilt naudsynt for å kunne gjennomføre framtidig drift.
- Prosjekt som er fysisk starta opp og der det er inngått bindande kontrakter om fullføring.
- Prosjekt som tek igjen etterslep på forsømt vedlikehald og ENØK tiltak
- Prosjekt som ligg inne i gjeldande planar for investeringar innanfor vann og avløp (VAR)
- Investeringar knytt til gjennomføring av skulestruktur

Investeringar i varige driftsmiddel 2027-2030	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028	Økonomiplan 2029	Økonomiplan 2030
Sentraladministrasjon				
Tilpassing administrasjonslokaler	2 000 000	0	0	0
Etablere ny heimeside-løysing med KI (søk) og evt chatbot	100 000	50 000	0	0
IKT - infrastruktur (78698)	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Nordfjordnett - IKT Nordfjord 2026	0	0	0	0
Digitalisering av teknisk papirarkiv frå Flora og Vågsøy kommun	6 000 000	0	0	0
Barnehage				
Smart investering - reinhald	300 000	300 000	300 000	300 000
Grunnskule				
Velferdsteknologi - Reinhald	1 000 000	1 000 000	1 000 000	0
Digitaliseringsstrategi oppvekst (78897)	3 000 000	3 000 000	3 000 000	2 000 000
Skram skule	88 500 000	18 500 000	0	0
Skram skule - inventar og utstyr				
Fagbøker ny læreplan + digitale læringsressurser	1 500 000	1 500 000	1 500 000	2 500 000
Uteområde Skule Eikefjord	200 000	0	0	0
Florø barneskole inkl. ny gymsal	113 000 000	76 000 000	0	0
Områdeutvikling - Etterbruk skulebygg	2 500 000	2 500 000		
Utsifting av eldre lyskilder til LED i formålsbygg	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Pleie og omsorg				
Albertatunet	587 895 000	78 039 000	0	0
Utsifting sykehussenger	400 000	400 000	400 000	400 000
Kultur, fritid og kyrkje				
Oppgradering av inventar og mindre ombygging, Florø folkebibl	200 000	0	0	0
Nordfjordhallen, kultursalen - oppgradering av scenetrekke og -r	2 000 000	0	0	0
Florø kulturhus - oppgradering av scenetrekke og -mekanikk i kin	1 200 000	0	0	0
Florø kulturhus	7 900 000	8 000 000	0	0
Oppgradering Florø rådhus	3 000 000	0	0	0
Rehabilitering tennisbane Florø Stadion	1 200 000	0	0	0

Plan, byggesak og miljø				
Geovekst (Digital infrastruktur) (78695)	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Reguleringsplanar i kommunal regi	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Utkikkspunkt på Ellingskarshornet	1 500 000	0	0	0
Drikkevannsforsyning til servicebygget på Kinn	0	0	0	0
Oppgradering tursti til dagsturhytta på Kletten	850 000	0	0	0
Næring og samferdsle				
Botnaholten Nord (78868)	500 000	12 000 000	0	0
Trafikksikringstiltak/kollektivtransport (78722)	1 600 000	1 000 000	1 600 000	1 000 000
Asfaltering (78824)	500 000	500 000	500 000	0
Vegløysing til kystmuseet	0	5 750 000	5 750 000	0
Oppgradering av bruer	500 000	500 000	500 000	500 000
Ras, flaumsikring og andre uføresette hendinger	500 000	500 000	500 000	500 000
Servicebygg sanitæranlegg ved Kinn kyrkje	2 400 000	0	0	0
Parkeringsplass Moldøen	800 000	0	0	0
Opparbeiding offentlig parkeringsareal Måløy Nord ved Venge	0	1 500 000	0	0
Justeringsavtale Kinnvegen (Florø)	-28 000	-28 000	0	0
Justeringsavtale Instetunet Nord 23/339 (Florø)	-172 000	-172 000	-172 000	0
Justeringsavtale Instetunet Sør 23/349 (Florø)	-60 000	-60 000	0	0
Bustad				
Strategiske arealkjøp	5 000 000	20 000 000	20 000 000	20 000 000
Oppgradering av kommunale bustader	2 500 000	2 500 000	0	0
Forstudie utvikling bustader i Florø sentrum	1 200 000	0	0	0
Leige til eige - prosjekt leilighet	500 000	0	0	0
Brann- og ulukkesvern				
Hovedbrannstasjon - Florø	40 000 000	3 000 000	0	0
Brannbil Florø	4 500 000	0	0	0
Brannbil Måløy	0	0	6 500 000	0
HMS tiltak bekledning Brann og beredskap	500 000	500 000	500 000	0
Vatn, avløp og renovasjon				
Fornyning/forvaltning avløpsnett	3 000 000	3 000 000	3 000 000	2 000 000
Tiltak V2.Utskifting av overføringsledning fra Sagavatnet til Sag:	17 000 000	15 000 000	10 000 000	0
Tiltak V6a hovedplan vassforsyning, bokstav a	0	0	6 000 000	0
Kartlegging VA-ledningsdata(79603)	100 000	100 000	100 000	100 000
Oppgradering va anlegg Hovlandsvegen i samband med oppgra	5 000 000	0	0	0
Beredskapsutstyr vassforsyning	200 000	100 000	100 000	100 000
Gate 1, Måløy VA-anlegg	5 000 000	10 000 000	10 000 000	15 000 000
Maskiner og utstyr VA	100 000	100 000	100 000	100 000
Tilførsel 3 og dubblering hovudvassleidning Havikbotn til Kroka	20 000 000	30 000 000	10 000 000	0
Sanering slamavskiller Brandsøy	0	8 300 000	0	0
Vedvik - avslutning deponi	3 000 000	0	0	0
Purkehola - avslutning deponi	4 000 000	0	0	0
Raudeberg VA anlegg	500 000	10 500 000	18 000 000	0
Trykkreduksjon Ivahavet	1 000 000	0	0	0
Samankobling vassleidning Botnastranda – Brandsøy	10 000 000	5 000 000	0	0
VA i ny veg Gunhildvågen	0	0	0	10 000 000
Livius Smittgt VA	18 880 000	0	0	0
Breivika 1 VA	1 000 000	5 000 000	14 660 000	0

Fornyng/forvaltning vassnett	1 000 000	1 000 000	0	3 000 000
Fornyng hovedvannledning Skramsvatnet VB	0	0	2 900 000	0
Fornyng hovedvannledning fra Nygård Høgdebasseng	0	0	4 000 000	0
Holvik OVA - Vannstyring	0	5 000 000	0	0
Kvalvåg til Breivika VA	0	0	0	5 500 000
Breivika 2 VA	0	0	5 160 000	10 000 000
Breivika 3 VA	0	0	0	12 000 000
Kleiva VA	0	0	5 000 000	20 000 000
Keilevegen/Nonskavegen VA	0	0	0	5 000 000
Fornyng asbest vannledning Kinn Nord	2 000 000	0	0	0
Sjøledning overføring avløp Raudeberg - Måløy inkl pumpestasj	0	0	5 000 000	5 000 000
Rehabilitering av Vannkummer	2 500 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
Utskifting PLS	5 000 000	1 000 000	500 000	500 000
Nødstrømsaggregat Florø VBA	0	1 000 000	0	0
Nicolai Astrup veg og Dalvegen VA	5 000 000	0	0	0

Finans

Utkjøp av leasingbiler, og kjøp av bilar	400 000	400 000	400 000	400 000
Oppgraderings av formålsbygg etter plan	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Smarte investeringar formålsbygg	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Sum investering i førebels økonomiplan 2027-2030	1 012 165 000	355 779 000	160 298 000	141 400 000

Bruk av lån	683 561 400	275 006 980	125 664 000	139 537 000
--------------------	--------------------	--------------------	--------------------	--------------------

Avdrag som belaster drift	122 970 000	138 422 000	143 160 000	142 038 000
----------------------------------	--------------------	--------------------	--------------------	--------------------

Renter som belaster drift	187 815 000	208 233 000	201 103 000	205 072 000
----------------------------------	--------------------	--------------------	--------------------	--------------------

I det vidare arbeid med økonomiplan legg vi tilgrunn den investeringsramma som vist over. Det vil likevel komme ei endring i forhold til arbeid med detaljar for Florø Barneskule. Kommunestyret handsama framdriftsplan og investeringsomfang i mars. Investeringsramma vil blir justert forhold til eksterne tilskott (rentekompensasjonsordning, enova m.v.). Vi vurderer også behov for justering av prisendringsindeks for å ta høgde for prisstigning i perioden.

Lånegjeld. Renter og avdrag.

Ved inngangen til ny økonomiplan 2027, er lånegjelda i Kinn kommune stipulert til kr 3,735 mrd og auker til kr 4,442 mrd innan utgangen av 2030. I denne summen ligg samla lånegjeld, det vil sei at lånegjelda inkluderer utlån til kommunale føretak, startlån, sjølvfinansierande lån knytt til VAR og lån der kapitalutgifter vert dekket av kompensasjonstilskott frå Husbanken eller reduksjon i andre driftsutgifter.

Som vi ser av tabellen ovanfor viser førebels prognose ei høg renteutgift i perioden som vil bli ei betydelig belastning i drifta vår i åra som kjem. 187,815 millionar kroner i 2027, 208,233 millionar kroner i 2028, 201,103 millionar kroner i 2029 og 205,072 millionar kroner i 2030. Denne er berekna i Kommunalbanken sitt prognoseverktøy KBN Finans som vi bruker til budsjettere renter på vår gjeldsportefølje. Vi kjem med oppdaterte prognoser fram mot endelig økonomiplan 2027-2030 seinare i haust.

Økonomiplanprognose for 2031-34

For å kunne sjå utviklinga i eit noko lenger perspektiv vil det i oktober bli utarbeid prognose for ytterlegare fire år ut over økonomiplanperioden 2027-2030. Slik prognose vil liggja føre til neste møte i finansutvalet.

Vurderingar:

Finansielle måltal

Kommunen har ikkje oppnådd dei finansielle måltala som det er vedtatt at vi skal ligge på i budsjettet for 2027. Kommunedirektøren tilrår at vi gradvis nærmar oss dei vedtekne langsiktige finansielle måltala i løpet av økonomiplanperioden.

Folketalsutvikling

Samansetting og tal på innbyggjarar i dei ulike aldersgruppene har stor betydning for rammetilskotet. Kommunedirektøren rår til å legge Kompas-prognosen til grunn då den er justert for historisk flyttemønster i Kinn.

Eigedomsskatt

Kommunedirektøren tilrår uendra promillesatsar.

Havbruksfondet

Kommunedirektøren tilrår å førebels legge anslaget i saksutgreiinga til grunn for økonomiplanperioden.

Tilskot frå landbasert vindkraft

Kommunedirektøren tilrår å førebels legge anslaget i saksutgreiinga til grunn for økonomiplanperioden.

Gebyr

Gebyra vert i stor grad auka med 3,1 %. I det vidare arbeidet med gebyrgrunnlaget kan det verte gebyr som får avvik frå denne deflatoren i tråd med avsnittet om gebyr i saksutgreiinga. Foreløpig er det meldt inn endring av sats for heimehjelp.

Omstilling og struktur

I førebels økonomiplan 2027-2030 er det lagt til grunn vedlagt oversikt «Saldering økonomiplan». Her er dei økonomiske krava til endring i sektorane spesifisert. Ein del konkrete tiltak er lagt inn i oversikta, men det er framleis mykje som må konkretiserast gjennom dei pågåande prosessane.

Det er eit mål å kome ned på forbruksnivået til gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 7 samstundes som kvalitetsutvikling har fokus. Samla sett er arbeidet retta mot å styrke kvaliteten i tenestene gjennom betre ressursutnytting, systematisk utviklingsarbeid og større evne til omstilling i organisasjonen.

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue

Eigen folketalsframskriving vert lagt til grunn for berekning av rammetilskot og skatt på inntekt.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå saksutgreiinga.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

· [Kommuneloven \(2018\) om økonomiforvaltning, selvkost og rapportering](#)
· [Kommuneloven \(2018\) om ROBEK](#)
· [Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.](#)
· [Forskrift om rapportering fra kommuner og fylkeskommuner mv. \(KOSTRA-forskriften\)](#)
· [Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner](#)
· [Forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer](#)
[Forskrift om minimumsavdrag på lån for kommuner, fylkeskommuner, kommunale og fylkeskommunale foretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskaper - Lovdata](#)

Vedlegg:

Saldering økonomiplan 2026-2030 (20260615)